



Til arbeidsgjevar som tilset utanlandske arbeidrarar

Tuberkulosekontroll – ei lovpålagt plikt for arbeidsgjevar og arbeidstakar

Personar frå land med høg førekomst av Tuberkulose, som skal opphalde seg i landet i over 3 månader har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking. Denne undersøkinga omfattar eit røntgenbilde av lungene og skal gjerast snarast mogeleg etter dei kjem til landet.

Du som arbeidsgjevar pliktar å sjå at resultat av undersøkinga føreligg med negativt resultat før arbeidaren startar i jobben.

(Forskrift om tuberkulosekontroll, kapittel 3, § 3-1 og 3-2).

Dei som skal arbeide med helse/omsorg/barn skal også ta ein blodprøve, denne treng ikkje takast før dei startar i arbeid.

Om Tuberkulose (TB)

Mange land i verda har framleis høg førekomst av tuberkulose.

1/3 av verdas befolkning er smitta av tuberkulose, og kan difor utvikle sjukdom.

Ein person med aktiv lungetuberkulose er smittsam for alle i sin omkrins, TB i andre organ smittar ikkje.

89 % av dei som får tuberkulose i Noreg er født i utlandet.

Praktisk gjennomføring

Din kontaktperson i kommunen (telefonnummer finn du nedst) skal ha namnet på utlendingar som skal starte i arbeid hos deg. Lege tilviser personen til røntgen.

Røntgenavdelingane er behjelpelege med å setje opp timar slik at gjennomføringa kan tilpassast.

Lærdal tlf: 57640100.

All TB undersøking er gratis, utgifter med reise, inkludert eigenandel, vert refundert ved å fyller ut reiserekningsskjema. Dersom ein unnlèt å møte til røntgen utan å avbestille timen vert det kravd eit gebyr på kr 690,-. Legen som tilviser til røntgen mottek svaret elektronisk innan 2 dagar, eller papirversjon per post.

Dersom familien til arbeidaren kjem til landet for å busetje seg her (i 3 månader eller meir) skal desse òg kontakte helsestasjon for å få vurdert behovet for tuberkulosekontroll og vaksinasjonar.

Vi ber om at de hjelp oss å informere om dette.

[Land med høg tuberkulose førekomst](#)

Beste helsing

Luster kommune v/ Helsesøster og Kommunelege

Din kontaktperson: Anne Helen Strandabø

Tlf. 57685605

E-post: ahs@luster.kommune.no